




TIL DEG SOM ER MINORITETSSPRÅKLEG ELEV PÅ 10. TRINN I ORDINÆR KLASSE/SKOLE

Hjelp!



I løpet av våren 2016 vil alle i 10. klasse få fastsett karakterane som skal stå på VITNEMÅL FOR GRUNNSKOLEN. I nokre fag kan du ha fått avgangs-karakterar tidlegare, til dømes i valfag, musikk eller mat og helse. For deg som er minoritetsspråkleg elev, gjeld dei same reglane som for andre elever MED NOKRE UNNATAK. Viss du får særskilt språkopplæring eller kom til Noreg og starta rett på ungdomssteget, er det nokre reglar som gjeld berre for deg. Det er viktig at du lesar dette skrivet nøye, gjerne samen med kontaktlæraren din.

*Med helsing Fylkesmannen i Rogaland
Sølvi Ona Gjøl
Utdanningsdirektør*

Fritak frå vurdering med karakter i fag viss du starta opplæringa i Noreg siste halvår i eit skoleår

Minoritetsspråklege elevar som byrjar opplæringa i Noreg i siste halvdel av eit opplæringsår, er fritakne frå vurdering med karakter i fag dette opplæringsåret dersom foreldre ber om det. Dette gjeld for alle trinn i ungdomsskolen. Viss du byrja i norsk ungdomsskole etter jul i 10. klasse, kan du bli fritaken frå standpunktkarakterar i alle fag. Det er mor, far eller ein annan vaksen som har ansvaret for deg, som må søkje om fritak frå karakterar. De kan be om fritak frå karakterar i alle fag eller berre i nokre fag. De kan også bestemme at du skal ha karakterar i alle fag. Skolen du går på skal informere om kva konsekvensar fritak frå karakter kan få for opptak til vidaregåande skole.

Fritak frå vurdering i skriftleg sidemål

Så lenge du har vedtak om, og får særskild språkopplæring i norsk, gjeld ikkje kravet om opplæring i skriftleg sidemål. Det tyder at du heller ikkje skal ha vurdering i sidemål.

Dersom du har hatt ein slik rett og faktisk har fått særskild språkopplæring på 8., 9. eller 10. trinn, kan du få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål. Foreldre/føresette må søkje om dette. Du skal likevel ha opplæring, undervegsvurdering og halvårsvurdering utan karakter i sidemålet.

Fritak frå opplæring i framandspråk viss du får særskild språkopplæring

Dersom du får særskild språkopplæring, kan du etter søknad frå foreldre/føresette, få fritak frå opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping. Kravet er at du i staden skal ha forsterka opplæring i engelsk, norsk, matematikk eller i eit anna språk du allereie har eit grunnlag i.

Valfag

Elevar på ungdomstrinnet skal frå 8. klasse ha eit valfag. Du kan velje å fortsette med same valfag i eitt, to eller alle tre årene, eller du kan velje eit nytt kvart år. Skolen din skal tilby minst to valfag, men det er dei som avgjer kva for fag det blir. Når du avsluttar valfaget, skal du ha ein standpunktkarakter. Dersom du har to eller tre karakterar frå ulike valfag, vert disse lagt saman og delt på kor mange fag du har hatt ved opptak til vidaregåande opplæring. Du har rett til å klage på ein standpunktkarakter i valfag.

Undervegsvurdering og halvårsvurdering når du har fritak frå vurdering med karakter

Sjølv om du er fritaken frå karakter i eitt eller fleire fag, har du likevel rett til vurdering utan karakter. Munnleg og/eller skriftleg undervegsvurdering skal givast fortløpande og systematisk, og vere til hjelp i læreprosessen. Halvårsvurdering er ein del av undervegsvurderinga. Halvårsvurdering utan karakter skal gi rettleiing om korleis du kan betre kompetansen din i faget.

Vurdering i orden og i åtferd

Du skal ha karakterar i orden og i åtferd. Det skal givast halvårsvurdering både utan karakter og med karakter. Du skal ha standpunktkarakter etter 10. trinn. I vurderinga med karakter skal det takast omsyn til føresetnadene dine.



Fritak frå skriftleg/munnleg eksamen

Viss du er fritaken frå vurdering med karakter og ikkje får standpunktkarakter, skal du heller ikkje ha munnleg eller skriftleg eksamen i det eller dei faga dette gjeld. Dersom du ikkje er fritaken for karakter, men når det ligg føre andre tungtvegande grunnar, kan du etter søknad frå foreldre/føresette, bli fritaken frå eksamen. Rektor avgjer. Dersom du er fritaken frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål og skal opp til eksamen i norsk skriftleg, skal du likevel gjennomføre eksamen over to dagar. Du skal skrive på hovudmålet begge dagane.

Spesielle ordningar under skriftleg og/eller munnleg eksamen

Nokre elevar har trong til spesielle hjelpemiddel, ekstra tid eller eit eige opplegg for å gjennomføre skriftleg og/eller munnleg eksamen. Desse reglane gjeld også for deg som minoritetsspråkleg elev. Hjelpetiltaka skal dekkje behovet for spesiell tilrettelegging så langt råd er, men må ikkje føre til at du får fordelar framfor andre som ikkje får slik tilrettelegging. Tiltaka må heller ikkje vere så omfattande at du ikkje blir prøvd i kompetansemåla i faget i læreplanen. Der det i kompetansemåla er krav om spesiell skriftleg og/eller munnleg kompetanse, er det ikkje høve til å gjennomføre eksamen slik at denne kompetansen ikkje blir prøvd. Rektor avgjer, etter søknad, kva for ordning som skal nyttast. Det er klagerett på rektor sitt vedtak. Fylkesmannen er klageinstans.

Rett til spesialundervisning

Dersom du ikkje har utbytte av den vanlege undervisninga, kan du ha rett til spesialundervisning, dvs. opplæring etter ein individuell opplæringsplan (IOP).

Viss du får opplæring etter ein individuell opplæringsplan i eitt eller fleire fag, kan foreldre/føresette velje om du skal ha vurdering med eller utan karakter i faget/faga det gjeld. I fag der det blir gitt både skriftleg og munnleg karakter, kan foreldre/føresette velje om du skal ha skriftleg og/eller munnleg karakter. Retten til å velje gjeld berre i dei faga der det er fatta vedtak om spesialundervisning, og der du får opplæring etter ein IOP. Til hjelp ved avgjerda om vurdering med eller utan karakter, skal skolen gi rettleiing om konsekvensane dette får for opptak til vidaregåande skole.

Sjå også skrivet ”**Til deg på ungdomssteget**”.

Les begge skriva nøye og spør på skolen dersom du lurar på noko.

Lukke til!